

IKT-strategi for eKommune Sunnmøre 2013-2016

”Utvikling gjennom samarbeid”



Innhald

1. Innleiing

- 1.1 Bakgrunn
- 1.2 Måloppnåing for eKommune Sunnmøre i perioden 2008-2012
- 1.3 Formål
- 1.4 Avgrensingar – prosessen vidare

2. Rammebetingelsar

- 2.1 Nasjonale og regionale føringar
- 2.2 Regional samhandling – roller og ansvar
- 2.3 Trendar og grunnleggande antakelsar
- 2.4 Føresetnader for å lykkast med IKT-samarbeidet

3. Felles tiltaksområde for kommunane

- 3.1 Tiltaksområde 1: Digital samhandling
 - 3.1.1 Beskrivelse og grunngjeving
 - 3.1.2 Mål for Digital samhandling
- 3.2 Tiltaksområde 2: Digital kompetanse
 - 3.2.1 Beskrivelse og grunngjeving
 - 3.2.2 Mål for Digital kompetanse

4. Frå strategi til handling

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Det pågår ein digital revolusjon, der ny bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi dukkar opp nesten dagleg. Internett er ein sjølvsgd ting, og nettbanken er vår daglege bankforbindelse. Innbyggjarane har forventningar om at også offentleg sektor, herunder kommunane, skal tilby gode nettbaserte tenester om gjer det mogleg å få løyst sine henvendingar på ein enkel måte på nett.

Dagens teknologiutvikling gir store muligheter for å utvikle kommunale tenester og på denne måten bidra til fornying og effektivisering av kommunal sektor. For å lykkast med dette krevst det at kommunane systematisk og over lengre tid revurderer etablerte måtar å jobbe på.

1.2 Måloppnåing for eKommune Sunnmøre i perioden 2008-2012

Kommunane i Ålesundsregionen har sidan 2009 samarbeidd på IKT-området, gjennom prosjektet eKommune Sunnmøre. Det blei då utarbeidd ein forprosjektrapport, med beskrivelse av målsetjingar og tiltak for samarbeidet. Det blei tilsett ein prosjektleiar, som organisatorisk har sortert under Ålesundsregionens utviklingselskap (ÅRU). I hovudprosjektet blei det konkludert med følgjande:

”Hovudkonklusjonen i forprosjektet er at medlemskommunane i ÅRU har gode føresetnadar for å hente ut betydelege økonomiske gevinstar på IKT-samarbeid både gjennom reduksjon av kostnader og gjennom tilskotsordningar. Vidare vil samarbeidet gi eit betre tenestetilbod, betre samla kompetanse og auka moglegheiter for strategisk styring av den regionale bruken av IKT.

Eit IKT-samarbeid i eKommune Sunnmøre skal legge til rette for å oppnå strategiske gevinstar, betre tenestetilbod, betre tenestekvalitet og økonomiske innsparingar for alle kommunane som deltek i samarbeidet. Vidare skal samarbeidet være ein arena for dialog, utviklingssamarbeid, erfaringsutveksling og bidra som problemløysar og utviklingsaktør overfor deltakarkommunane.”

Det er utarbeidd ein overordna strategi for eKommune Sunnmøre for perioden 2011-2013 som er politisk forankra i alle deltakarkommunane. Denne strategien inneheld også eit handlingsprogram med konkrete tiltak som i forhold til korleis samarbeidet skal utviklast i fase 1 og 2.

Tiltak i planperioden

Tiltak nr	Utgreiing	Status
1	Etablere tilfredsstillande infrastruktur mellom kommunane	Er stort sett på plass
2	Utarbeide felles strategi-og sikkerheitsplan	Er utarbeidd, men ikkje teken i bruk i alle kommunar
3	Innføring av Feide i kommunane	Er klart til bruk, men ikkje teke i bruk i alle kommunar
4	Etablere initiell organisering av eKommune Sunnmøre	eKommune Sunnmøre er frå hausten 2010 etablert som eit interkommunalt samarbeid etter

		Kml § 27. Vidareutvikling av dette samarbeidet, samt formalisering av ein driftsorganisasjon er ein del av den nye strategien.
5	Etablere felles overvaking av serverar/nettverksutstyr	Er klart frå fellespunktet på Bø-Nørve
6	Etablere felles drift, felles datarom og vaktordning / 24/7-drift	Er teknisk klart frå fellespunktet på Bø-Nørve
7	Felles katalogløyising	Er på plass
8	Felles portalløyising	Er sett på vent
9	Opne standardar og fri programvare	Blir vurdert fortløpande

Ein gjennomgang syner at ein no stort sett er i mål med dei fleste prioriterte tiltak. Enkelte tiltak vil vere ein kontinuerleg prosess, t.d. bruk av opne standardar og fri programvare, medan andre har ein av ulike årsaker funne grunn til å ikkje arbeide vidare med, t.d. felles portalløyising. Vidareutvikling av samarbeidet krev arbeid med ny overordna strategi og prioritering av nye tiltak.

eKommune Sunnmøre har til no vore organisert slik:

eKommune Sunnmøre har til no vore organisert som eit samarbeid etter Kommunelova § 27, med eit eige styre bestående av rådmennene i deltakarkommunane, ein prosjektleiar og ei IKT-gruppe (IKT-leiarane i kvar kommune). Samarbeidet har fungert godt, og prosjektet har etter kvart modnast til å gå over i ein formell driftsfase. Erfaringane frå eksisterande organisering er at ein, når felles datarom og infrastruktur er etablert, treng ein formell driftsorganisasjon. Dette gjeld særleg dei utfordringane som ligg i å drifte fellespunktet og nettverket i eigen regi, noko som er intensjonen.

I august 2010 etablerte styringsgruppa ei arbeidsgruppe, samansett av 4 rådmenn, 3 ikt-leiarar og prosjektleiaren. Hensikta var å få ei meir effektiv framdrift i prosjektet. Gruppa arbeidde bl.a. med punktet ”Etablering av initiell organisasjon for eKommune Sunnmøre”, som vart forsert fram til fase 1. Forslaget var ei organiseringa etter Kml §27, og dette vart vedteke i styret. Eigne vedtekter vart også vedteke i bystyret og kommunestyra vinteren 2011.

Våren 2012, er det vedteke å vurdere organiseringa på nytt, då prosjektet går over i ein meir permanent driftsfase.

1.3 Formål

Innbyggjarane har krav på same type tenester uavhengig av kva kommune dei bur i. Den nye teknologiske utviklinga kan føre til nye former for sosiale og regionale skilnader og digitale klasseskilje der kommunegrensar er avgjerande.

Målet med samarbeidet er å gi kommunane gode, framtidsretta og kostnadseffektive løysingar. Dette vil igjen setje kommunane i stand til å kunne levere endå betre tenester til innbyggjarane, i tråd med forventningane om ei døgnopen forvaltning.

Målsettinga med eKommune Sunnmøre er å redusere driftskostnadane, og legge til rette for effektive og sikre løysingar for kommunane som er med i samarbeidet. Kommunane vil

samarbeide på så mange område som råd er, både innanfor administrative område, og i høve til publikum og næringsliv.

Val av tekniske løysingar skal vurderast av IKT-gruppa, og målsettinga er at alle kommunane på sikt skal ha så like løysingar som mogleg (standardisering). Viktige teknologiskifte/ vurderingar skal vere forankra i strategiplanen.

Grunnlaget for desse målsettingane er mellom anna etablering av **god infrastruktur** og god **IKT-kompetanse** i kommunane. Det er ei primær målsetting at kommunane i regionen sjølve skal styre utviklinga og bruken av IKT. **Digital samhandling og - kompetanse** blir difor viktige stikkord i det vidare arbeidet.

Bruk av IKT i kommunane skal støtte opp under kommunane sin tenesteproduksjon og medvirke til kostnadseffektiv oppnåing av kommunane sine overordna mål.

- ❖ IKT-samarbeidet har som utgangspunkt at uansett organisering av samarbeidet, skal resultatene av samarbeidet ha varig verdi for noverande kommunar i regionen.
- ❖ Kostnadseffektiviteten med bruk av IKT skal betrast ved at kommunane samarbeider om basis IKT-infrastruktur og programvare. For å kunne utnytte samarbeidet best mogleg skal kommunane ha ein mest mogleg lik plattform både m.o.t. programvare og teknologi.
- ❖ Kjøp av programvare skal m.a. vere basert på ei kost/nyttevurdering som også inneheld ei konsekvensanalyse av det innkjøpet som er planlagt.
- ❖ IKT-bruken i kommunane skal gje økonomiske fordelar knytt til kompetanseoppbygging, felles opplæring og ved å ha same plattform i kommunane.
- ❖ IKT-samarbeidet skal delta i vidareutvikling av tenestene gjennom dialog med brukarane og andre samarbeidspartnarar.
- ❖ IKT-målsetjinga skal vere i samsvar med sentrale føringar, som eKommune 2012 og eNorge 2009.

1.4 Avgrensingar – prosessen vidare

Strategien for eKommune Sunnmøre er delt i to: ein strategidel og ein handlingsorientert del. Den strategiske delen er langsiktig og angir kva som er felles satsingsområde på IKT-området for regionen. Den handlingsorienterte delen er ein separat plan som skal rullerast kvart år, og som skal beskrive kva for tiltak alle/nokre av kommunane skal gjennomføre i fellesskap. Status for måloppnåing i samarbeidet skal kome fram av årlege rapportar frå eKommune Sunnmøre.

Parallelt med arbeidet med ein regional eKommune-strategi bør kvar av kommunane i samarbeidet utarbeide sin eigen eKommune-strategi for same periode. Det er viktig at arbeidet med dei lokale og den regionale eKommune-strategien blir koordinert, slik at ein tek i vare behovet for heilskapleg planlegging på IKT-området framover.

2. Rammevilkår

2.1 Nasjonale og regionale føringar

Sentrale myndigheiter har tydelege føringar om at IKT skal vere eit sentalt hjelpemiddel for å oppnå viktige mål for fornying og vidareutvikling av kommuneNorge. Her er fleire viktige dokument som inneheld mål og utfordringar i dette arbeidet:

- ❖ eNorge 2009 ”Det digitale spranget”


- ❖ Stortingsmelding nr. 17 (2006-2007) ”Eit informasjonssamfunn for alle”
- ❖ Stortingsmelding nr. 19 (2008-2009) ”Ei forvaltning for demokrati og fellesskap”
- ❖ KS eKommune 2012 ”Lokal digital agenda”
- ❖ På nett med innbyggerne – Regjeringens digitaliseringsprogram - april 2012

Dokumenta gir klare signal om sentrale forventningar om at IKT skal bidra til

- ❖ Betre og meir tilgjengelege tenester gjennom ei døgnopen digital forvaltning
- ❖ At kontakt til kommunane primært skal skje digitalt (”digitalt førsteval”)
- ❖ Høgare produktivitet, frigjering av ressursar og auka velferd
- ❖ Ivaretaking av personvernet
- ❖ Auka digital samhandling mellom kommunar og andre forvaltningsnivå og næringsliv

2.2 Regional samhandling – roller og ansvar

eKommune Sunnmøre har i prosjektperioden vore organisert som eit samarbeid etter Kommunelova § 27, med eit eige styre bestående av rådmennene i deltakarkommunane, ein prosjektleiar og ei IKT-gruppe (IKT-leiarane i kvar kommune).



Våren 2012, er det vedteke å vurdere organiseringa på nytt, då prosjektet går over i ein meir permanent driftsfase.

Som strategisk prinsipp for eKommune Sunnmøre gjeld at kommunane sjølve skal styre utvikling og bruk av IKT i regionen, at samarbeidet skal baserast på likeverd og fridom til å velje prosjekt, at kommunane sine tekniske løysingar blir standardisert så langt det er tenleg. Parallellt med at det vert etablert eit felles driftspunkt som leverer IKT-tenester til kommunane, må oppgåver på det strategiske nivået ivaretakast på ein god måte, slik at at kommunane sine behov på IKT-området blir koordinert og tilfredsstilt.

Sentrale funksjonar som må ivaretakast av eit strategi- og bestillarledd vil vere:

1. IKT leiarskap
2. Forretningsutvikling
3. IKT arkitektur/Teknologisk utvikling
4. Leverandørstyring

Val av organisasjonsmodell må støtte opp under behovet for overordna styring og samtidig sørge for effektiv og samordna drift. Driftsleddet må vere organisert på ein slik måte at ansvar og mynde er klart for alle involverte partar.


Styret har konkludert med at samarbeidsforma for strategi- og bestillarledd vert vidareført som eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27, og at ein under styret etablerer ei strategi- og bestillargruppe som saman med styret fungerer som strategi og bestillar-ledd.

Følgjande oppgåver skal ligge til det strategiske leddet:

- planlegge, styre og gjennomføre felles IKT-prosjekt og aktivitetar
- vurdere og anbefale koordinering av lokale IKT-tiltak
- vidareutvikle, vedlikehalde og operasjonalisere IKT-strategien
- planlegge og koordinere felles tiltak knytt til IKT-området
- utgreie og anbefale harmonisering av kommunane sine IKT-løysingar
- økonomistyring knytt til fellespunktet og konsekvensar for kommunane

Strategi- og bestillargruppa skal fungere som sekretariat for styret, og skal utgreie saker som vert lagt fram for styret for avgjerd. I strategi- og bestillargruppa må det vere personar med ulik kompetanse, som kan dekke flest mogleg av desse funksjonane, samt at fleire kommunar bør vere representerte. I utgangspunktet er det ei mål å etablere ein så slank organisasjon som mogleg, og ein ønskjer difor å starte i det små med å engasjere tilsette med rett kompetanse frå medlemskommunane etter behov. Dimensjonering av strategi- og bestillargruppa må vere ei kontinuerleg vurdering i styret.

IKT drift bør organiserast under ei av deltakarkommunane som eit vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28b. Dette vil gi klare styringsliner. Ålesund kommune utpeikar seg som den aktuelle vertskommunen. Grunnlaget for denne samarbeidsmodellen må basere seg på samarbeidsavtalar mellom kommunane.



2.3 Trendar og grunnleggande antakelsar

Kommunane står overfor store utfordringar når det gjeld å oppretthalde tenestetilbodet innafør fleire sektorar i åra som kjem. Berre innafør pleie- og omsorgssektoren vil det dei neste 20 åra vere behov for ei fordobling av talet på årsverk. Samhandlingsreformen stiller store krav til kommunane innafør helse- og omsorgsområdet. Med tanke på at lønnsutgiftene i kommunesektoren utgjer 70-80 % av totalbudsjetta, vil det kunne vere store gevinstar knytt til å effektivisere arbeidsprosessar og å ta i bruk smarte verktøy. Innsatsen vidare må difor gå frå fokus på IKT i administrasjon til smart bruk av IKT i tenesteproduksjonen.

Kommunane sine IKT-budsjett utgjer ca 3 % av totalbudsjettet. Ved å auke IKT-budsjetta noko og investere i IKT-løysingar som legg til rette for smart og effektiv tenesteproduksjon, vil kommunane kunne vere betre rusta til å handtere framtidige utfordringar ved å hente gevinstar på andre område.

Fornyng av offentlege tenester gjennom auka bruk av produktivitetsverktøy vil utfordre dagens prosedyrar og arbeidsprosessar, og med dette innebere auka krav til digital kompetanse hos tilsette og leiarar. Kommunane som arbeidsgjevar vil også bli utfordra med tanke på utforming og tilrettelegging av nye typar arbeidsplasser med forventingar frå tilsette om å legge til rette for stimulering av kreativitet og belønning av innovasjon.

2.4 Føresetnader for å lykkast med IKT-samarbeidet

Arbeidet med å utvikle kommunane i den retning samfunnet og myndigheitene ønskjer i forhold til eKommuner, er krevjande. Dette omfattar organisatoriske, styringsmessige og teknologiske utfordringar. For å nå måla må det vere eit meir forpliktande samarbeid, og felles satsingsområde vil vere viktige med tanke på å redusere innsatsmengda totalt i kombinasjon med hurtigare framdrift for kommunane. Dette føreset god forankring av dette samarbeidet hos administrativ og politisk leing i den enkelte kommune.

Ein vesentleg føresetnad går på muligheiter for kommunikasjon. Alle kommunane i eKommune Sunnmøre må knytast opp i eit felles nettverk. Nettet skal sikre deling av rask, sikker og effektiv intern- og ekstern kommunikasjon, og skal legge til rette for lett utveksling og deling av tenester mellom alle kommunane.

3. Felles tiltaksområde for kommunane

3.1 Tiltaksområde 1: Digital samhandling

3.1.1 Beskrivelse og grunngeving

Digital samhandling muliggjer betre ressursutnytting, samarbeid om tenesteproduksjon og leveransar, utveksling av erfaring, kompetanse og arbeidskraft. Digital samhandling føreset at kommunane har fokus på standardisering av IKT-arkitektur og gjenbruk av nasjonale og kommunale fellesløysingar. Digital samhandling vil i åra som kjem vere spesielt viktig innafør områda helse og sosial, pleie og omsorg og skule og utdanning.

3.1.2 Mål for Digital samhandling

Kommunane i Ålesundsregionen skal

- ❖ auke talet på digitale tenester retta mot innbyggjarar, næringsliv og folkevalde
- ❖ auke bruken av nasjonale fellesløysingar som Min Side, MinID, Altinn, Geodata, Folkeregisteret og Markedsplassen
- ❖ realisere miljø- og samarbeidsgevinstar gjennom utstrekt bruk av moderne IKT-baserte samarbeidsløysingar som muliggjer gjennomføring av videokonferansar etc.
- ❖ samordne arbeidet med å etablere tilfredsstillande informasjonssikkerheit i kommunane
- ❖ planlegge hensiktsmessig bruk av sosiale medier
- ❖ tilrettelegge for og ta i bruk elektroniske meldingsutveksling i dei kommunale pleie- og omsorgs- og helsetenestene gjennom tilkopling til Norsk Helsenett
- ❖ tilrettelegge for bruk av mobile løysingar i kommunal tenesteproduksjon
- ❖ samordne/harmonisere kommunane sin IKT-infrastruktur for å muliggjere felles tenesteproduksjon
- ❖ samarbeide om IKT-anskaffelsar med målsetjing om flest mulig felles og like løysingar for programvare – i tråd med felles regional rutine for IKT-anskaffelsar

3.2 Tiltaksområde 2: Digital kompetanse

3.2.1 Beskrivelse og grunngjeving

Med digital kompetanse meiner ein bruk av digitale verktøy og forståing av mulighetene utvikling på IKT-området gir. Bruk av IKT krev ny kompetanse på alle nivå i kommunane:

- ❖ Leiarar treng strategisk IKT-kompetanse for å kunne planlegge og leie omstillingsprosessar og realisere gevinstar.
- ❖ Medarbeidarar på alle nivå treng praktisk IKT-kompetanse for å kunne nytte IKT-løysingane på ein fruktbar måte.

3.2.2 Mål for Digital kompetanse

Auke IKT-kompetansen på ulike nivå i organisasjonen.

4. Frå strategi til handling

eKommune Sunnmøre skal årleg evaluere den regionale eKommune-strategien, samt utarbeide og revidere årleg handlingsplan. Den årlege handlingsplanen skal innehalde framlegg til aktivitetar/prosjekt sm støttar opp om måla i eKommune-strategien. Arbeidet med handlingsplan skal følge den årlege budsjettprosessen i kommunane, og framlegg til handlingsplan skal leggst fram for rådmannsutvalet for godkjenning.

Handlingsplanen skal innehalde følgjande opplysningar:

- ❖ namn på tiltak/aktivitet
- ❖ beskrivelse av kva tiltaksområde i strategien tiltaket støttar opp om
- ❖ kort beskrivelse av kva gevinstar ein kan oppnå, dvs. kvifor ein ønskjer å setje i verk tiltaket
- ❖ kostnadsestimat og framlegg til finansiering
- ❖ framlegg til prioritering, dvs. antatt gjennomføringsperiode

Prosjekta/tiltaka skal handsamast i kvar kommune etter gjeldande retningsliner lokalt. eKommune Sunnmøre skal årleg utarbeide statusrapport for prosjekta/tiltaka i handlingsplanen.

Gjennomgang og fornying av arbeidsprosessar og ein plan for gevinstrealisering er ein føresetnad for innkjøp og innføring av nye system og løysingar.